



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: **12 JUN 2012**
Vår ref.: NVE 200700908-23 ki/oeqr
Arkiv: 312 /064.3
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Magne Geir Verlo
22 95 95 34

Nottveit kraftverk - oversending av klage på konsesjon - Nottveitelva - Modalen kommune - Hordaland

Nottveit Energi fekk 20.12.2011 konsesjon til bygging av Nottveit kraftverk. I konsesjonen vart det gjeve avslag på regulering av Øvre Sætervatn og Nedre Sætervatn og overføring av elv frå Storebotnen. Det vart vidare fastsett mellom anna vilkår om slepping av tilsigsavhengig minstevassføring på 70 l/s i perioden 1. april – 30. september og 30 l/s resten av året.

NVE sitt vedtak vart påklaga av konsesjonær for dei delane av vedtaket som gjeld regulering, overføring og fastsett minstevassføring. Vidare vart det klaga på NVE si plassering av inntaket nedstraums omsøkte plassering.

NVE opprettheld vedtaket om å avslå regulering og slepping av fastsett minstevassføring. Vidare opprettheld NVE vedtaket om manglande formelt grunnlag for overføring av elva frå Storebotnen.

Av omsyn til å etablere eit mest mogeleg driftssikkert inntak, som samstundes gjev minst moglege terrenginngrep utover inntaksdammen, finn NVE grunnlag for å imøtekomme klaga vedrørende flytting av inntaket.

På grunnlag av søknad og offentlig høyring gav NVE 20.12.2011 Nottveit Energi vassdragskonsesjon etter vassressurslova § 8 for bygging og drift av Nottveit småkraftverk i Nottveitelva på nærmare fastsette vilkår.

Av mellom anna omsyn til naturmiljøet vart det fastlagt vilkår om slepping av tilsigsavhengig minstevassføring på 70 l/s i perioden 1. april – 30. september og 30 l/s resten av året.

Omsøkt regulering av Øvre Sætervatn og Nedre Sætervatn med høvesvis 2 m og 4 m vart avsege. NVE vurderte fordelene med reguleringane, årleg energigjevinst omkring 1,75 GWh, til å vere mindre enn skadane/ulempene knytt til reguleringsomfanget og naudsynte terrenginngrep.

Overføring av elva frå Storebotn vart avsege ettersom tiltaket ikkje formelt vart omsøkt.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Klage

Nottveit Energi har i brev av 10.01.2012 klaga på NVE sitt vedtak. Vidare har Nottveit Energi kome med eit utfyllande brev til klagen datert 08.02.2012.

Klagen er rettidig, jf forvaltningslova § 29.

Klagegrunnlaget i brev av 10. januar er teke opp att i utfyllande klagebrev av 8. februar. Nedanfor er derfor berre brev av 8. februar referert.

"De tema som vi anser som ankegrunnlag er følgende:

- 1. Med hensyn til avslaget på reguleringen av Øvre Sætervann har konsesjonen flere beskrivelser som gjør at søker stiller spørsmål ved NVEs aksjoner og vurderinger. For det første er dette ubestridt innenfor Nottveit sameie, og vi mener det er uriktig å gå kun til kommunen for å avklare dette, spesielt når kommunen ikke gir tilstrekkelig informasjon om eiendomsforholdet, mener vi at NVE måtte ha avkrevd dette fra søker. Videre er det en regulering i vannet fra tidligere hvor demningen står slik at tjernet får en selvregulerende virkning. NVE avslår altså også å bruke denne reguleringen, med INON som argument. Dette finner utbygger å være en feil beslutning, og en feilaktig bruk av INON; både fordi det allerede er en regulering der over 1 m som skulle tilsi at dette skulle vært tatt hensyn til i INON-kartet, dernest fordi begrepet INON bare er en matematisk indikator som må ses på i sammenheng med de reelle forhold i den enkelte sak, og den er heller ikke lovhjemlet. Til sist kunne NVE også ha gitt en lavere regulering på opptil 1 meter da dette er unntatt reduksjon av INON arealer.*
- 2. NVE har avslått overføringen fra Storebotn, uten å legge til grunn søkers egne planer med å legge et PE-rør på bakken, men tillegger helt andre planer med store gravearbeider, som ikke var utbyggers intensjon. Med den siste teknologien tilgjengelig ville nok utbygger her ha boret tvers igjennom Midtjfellet og slik sett ville dette ikke ha blitt et minimalt inngrep. NVE godkjente også søknaden slik den foreligger og søker finner derfor ingen saklig grunn til å avslå pga. formaliteter de selv tidligere har godkjent.*
- 3. NVE har avslått å gi konsesjon til et anstendig og driftssikkert inntak med et brutto areal på 30 daa hvorav elva i dag dekker en betydelig del av dette arealet og anslagsvis 5-6 da. De to grunn- og fallrettseierne på Nottveit har ca 14 000 daa totale arealer, og av dette utgjør inntaket på 30 daa kun 0,2 % totalt, og enda mindre med hensyn til nytt neddemt areal. NVE har heller ikke kommentert at dette inntaket ville ha blitt et godt og sikkert habitat for stedegen fisk. Grunneierne og utbyggerne ønsket å reetablere en stedegen fiskestamme, som døde ut på 70-tallet da mange elver i Norge var for sure til å gi levelige forhold for fisk.*
- 4. NVE har også på eget initiativ flyttet et meget gunstig og driftssikkert inntak nedover ca 15 høydemeter i elva. Her er det et lite gunstig inntaksområde. Med fossefallene ned hit løper man en betydelig stor risiko for å få underkjølt vann som ikke segregerer i den lille inntakskulpen, men legger seg som sarr og is direkte på rista og stopper til denne. Dette har vi dessverre erfart i flere andre prosjekter der NVE har påtvunget utbygger tilsvarende løsninger. NVE har argumentert med at inntaket vil bli stygt slik som det var planlagt med 3 m regulering. En riktig beslutning i den sammenhengen, ville være å redusere reguleringen eller alternativt å utnytte det rolige vannet fra disse flatene, slik at vi kunne få vannet inn til inntaket uten sarr og oppnå et driftssikkert inntak. NVE har selv tidligere laget en rapport mht driftsproblemer med småkraftverk (SKM rapporten av ca 2000), hvor det dokumenteres at ca 1/3 av alle småkraftverk har betydelige driftsproblem, og da spesielt med inntakene. Vi*

synes det derfor er påfallende at nettopp NVE påtvinger utbyggerne løsninger som slik sett har en betydelig grad av driftsrisiko. Mht synlighet er utbyggerne klare på at NVEs forslag ligger mer åpent til i terrenget og vil bli langt mer synlig enn utbyggernes forslag som med letthet kan kamufleres og nedtones med forblending av stein. Endringen av inntaket og demningen medfører også at det blir vanskeligere for grunneierne å få bygget skogsveien over til Fuglabergi. De er også svært ønskelig fra kommunens side, at Nottveit skal begynne å ta ut skog og disse veiene vil muliggjøre dette. NVE argumenterer også med at omsøkt inntak blir stygt for turister. Til dette kan det kommenteres at det aldri går turister her. Det finnes rett nok en sti, men det er restene etter den gamle stien opp på stolene og følgelig er de som går her knyttet til Nøttveit gårdene.

- 5. NVE har gitt pålegg om minstevannføring året rundt selv om dette vassdraget påviselig kan være tørrlagt i så mye som oppimot ett av tre år. Utbygger ser av høringene at det er kommentert ønsker om minstevannføring, og disse bærer sterkt preg av å ha det visuelle som argument. Utbygger forstår derfor den pålagte sommervannføringen, og er også innforstått med at sommeren er det biologiske vinduet. Slik sett er det en saklig begrunnelse for pålagt slipping av minstevannføring i sommerhalvåret. Utbygger kan derimot ikke se at et pålegg om slipping av minstevannføring om vinteren er saklig dokumentert. Utbygger har derimot ønsket å arrondere avløpskanalen i samarbeid med Fylkesmannens fiskeforvalter slik at den ville kunne bli en kunstig anadrom gytestrekning. Som et miljøtiltak vil dette derfor mer enn oppveie de negative konsekvensene av fraføring av vann som kanskje ikke er der engang. Da kan det også være bra å ha et magasin å tappe fra for å sikre den kunstige anadrome fiskestrekningen. Videre har utbygger kontrollert NVEs hydrologiske beregninger og finner at disse er helt feil. Utbygger har selv direkte tilgang til NVEs hydrologidatabaser og beregningsprogrammer og vedlagt finnes direkte utskrifter av disse som viser at de 5-persentil beregningene NVE har gjort er mange ganger for høye.*
- 6. Det er her snakk om at NVE totalt reduserer utbyggingen med nesten 5 GWh og det er jo et lite kraftverk i seg selv. Begrunnelsen går hovedsakelig på det visuelle og skal dette gi mening, må det da være i forhold til turister. Grunneierne vet at området ikke er benyttet av ukjente turister og da blir det feil å vektlegge dette momentet. Når det gjelder avslagene generelt noteres det også at NVE ikke har kvantifisert positive og negative faktorer i form av konkrete tall og beregninger, men hevder likevel at kravet i vassressurslova § 25 om at fordelene er større enn ulempene er oppfylt ved disse avslagene. Utbygger mener at dette er en altfor enkel tilnærming og at dette må underbygges med konkrete regnestykker for hvert enkelt avslag. Det vises her til beregninger og vurderinger utbygger har gjort som vedlegg 4.*

Justeringer av NVEs foreslåtte endringer:

Med bakgrunn i NVEs begrunnelser for avslag og endringer i presentert design kommer utbygger med følgende justeringer som til all vesentlighet imøtekommer NVEs kommentarer og argumenter med konstruktive løsninger som imøtekommer betydelige deler av utbyggers behov samt NVEs og høringsuttalelsenes bemerkninger.

- 1. Utbygger foreslår en justering mht reguleringen av Øvre Sætervatn ved å redusere reguleringen til +/- 0,5 m. Man utnytter dermed bare dagens demning og regulering ved kun å benytte håndarbeid på stedet. Dette var også den opprinnelige tanken, men er vel ikke uttrykkelig skrevet. Med en mindre regulering vil man bare mudre opp utløpet med å fjerne noen løse steiner slik at man får nesten 0,5 m lavere terskel i vannet. Deretter vil man benytte disse steinene til å rehabilitere eksisterende demning slik at den blir komplett. Utløpet sikres med et fast løp kanskje i form av et rør eller vha en løsning med åpning i en steinmur. Det vil*

- ikke bli sprengt her da det er et betydelig lag av løse steiner i bunnen av utløpet. NVE finner at Øvre Sætervatn ligger i ei sameie og det stemmer, dette er sameie mellom de to gårdene som står bak utbyggingen. Uansett hadde vært et privatrettslig anliggende for utbyggerne. NVE har videre stilt spørsmål om stabiliteten i en slik demning, men utbygger ser ikke store problemer med dette og av flere grunner. For det første har eksisterende mur stått der i nesten 60 år men er nå blitt åpnet litt opp. For det andre blir muren under 1 m høy og det er rikelig med murestein i denne kløfta. For det tredje kan man kjøre opp sekker med ferdigbetong med snøscooter, som blandes ut på stedet og som benyttes til å fuge sprekkene mellom steinene. Dette vil både tette demningen samt forsterke den mot utglidning ved overløp. For det fjerde: volumet bak demningen er ikke spesielt stort og det er en lang strekning nedstrøms til å ta opp eventuelt flomvann uten at det påvirker samfunnsmessige elementer under grensen for begrenning av INON. Med dette er inngrepet helt ubetydelig, men med vannføringene og variasjonene på stedet vil effekten av selv dette reduserte magasinet være betydelig da det er så mange små regnskyll som vil fylle magasinet. Ved å utelate Nedre Sætervann samt en slik reduksjon av Øvre Sætervann er også FMs kommentarer imøtekommet samt Fylkeskommunens bekymring om redusert INON.
2. Utbyggerne har notert seg NVEs bemerkninger og argumenter mot den foreslåtte løsningen og vi har nå vært oppe på det opprinnelige damstedet og gjort nye oppmålinger mht en redusert utbyggingsplan som tar hensyn til NVEs bemerkninger og som også NVE burde ha lagt seg på. Vi hadde med GPS målere fra BKK opp på damstedet, men det var ikke gode nok forhold til at vi fikk pålitelige målinger selv med en profesjonell Leica GPS måler. Det ble også benyttet en håndholdt GPS måler for å kartlegge oppstuing og oppmåling av nytt areal for inntaket. I hht NVEs bemerkninger foreslår utbyggerne å flytte demningen ca 25 m nedover mot syd fra planlagt damsted og med en ca 5 m høy demning her blir inntaksmagasinet betydelig mindre, men fortsatt man kan fortsatt beholde mye av kvaliteten i dette magasinet. Med noe usikre målinger vil HRV da ligge på ca kote 293 moh, og som beskrevet med tekst vil vi ved å demme opp til ca 0,1 m over topp-punktet på kulen på vedlagt på bildet bak, vil magasinet begrense seg hovedsakelig til oppdemming innenfor eksisterende elveleie og også nesten innenfor hva som er nivået for store vannføringer. Ved ekstreme flommer har vannet med tydelige merker både i snø og annet flommet over denne fjellnabben. Vi har målt opp dette nye inntaket og finner at det får ca 4 daa total overflate og oppmålingene viser at bare ca 1 daa av dette arealet er nytt neddemt areal utenfor det som oppfattes som elva i dag, men som er overflommet hvert år. Dette vil medføre lite ny neddemming siden elvesidene her er relativt bratte og består mest av fjellskrenter. Disse to områdene, som på bildet ser ut som mark eller myr, er gammel elvebunn med mye grov og rund elvestein som er overgrodd med gress og planter, men som også hvert år blir flommet over flere ganger. Total lengde på magasinet blir ca 170 m og inntaket vil da bare stue opp til en liten foss øverst. I den øverste delen av inntaket vil ny vannstand bli ca 1-1,5 m høyere. For å illustrere dette har vi tegnet inn inntaksbassenget på et Google Earth bilde som vedlagt. Med denne løsningen er også FMs kommentarer ivaretatt. Som man ser vil dette heller ikke berøre den gamle stien til Nottveitsætera, uten at det egentlig har noen betydning. Et annet betydelig problem med NVEs foreslåtte damplassering er at demningen vil blokkere for den alternative løsningen for å få en skogs- og stølsvei ut til østsiden av Nottveitelva.
 3. Med hensyn til hydrologien har vi både fått andre hos NVEs hydrologiske avdeling til å beregne 5-persentiler samt at jeg i tillegg har gjort dette selv. De tallene vi får avviker svært mye fra det som NVE har lagt til grunn i konsesjonen og det virker åpenbart som om NVE her har en feil et sted i beregningsgrunnlaget. Verdiene fra vannmerket i Sedal er på hhv

0,024 og 0,014 m³/sek og med en middelvannføring på 1,106 m³/sek gir dette 5-percentil verdier på hhv 2,17 % for sommer og 1,27 % for vinter. Dette harmonerer bra med søkers opprinnelige verdier og med de faktiske observasjoner av vassdraget. Søker fant et mindre avvik i sin beregning for vinter og med ble denne noe redusert og i tråd med hva disse reviderte beregningene viser. Videre har NVE tolket høringsuttalelsene strengere enn det som virkelig er skrevet. Her kan bemerkes at kommunen sier «M.. kommune meiner det bør vera ei viss minstevassføring då dette verkar positivt og verke dempende på tiltaket...» mens NVE under sine merknader refererer « ... Det må sleppast ei minstevassføring... ».

Fylkesmannen (FM) sier det må slippes ei minstevassføring, men sier ikke hele året. På dette grunnlag må NVE revurdere både størrelsen på kravet til slipping slik at det blir i samsvar med reell 5-percentil samt at det nok ikke er noe reelt kravet i høringene til slipping av minstevannføring om vinteren.

4. *Mht overføringen fra Storebotn vil utbygger presisere at NVEs tolkning av overføringsmetode ikke var i hht det som var beskrevet, og at i løpet av den lange saksbehandlingsperioden har det kommet ny teknologi som medfører at denne overføringen nå vil bli utført vha å bore et hull på 175 mm de 275 meterne igjennom Midtffellet. Det er søkt om å slippe krav til minstevannføring her og dette synes helt naturlig siden nedbørs-feltet er under 1 km² og det er åpenbart at dette vassdraget er tørt hvert år. Dette er visuelt ved at vannet forbi veien er borte. Mao er det ikke årssikker vassføring her og det bør derfor ikke stilles krav til minstevassføring i denne elva. Skulle det imidlertid bli avkrevet kan dette gjøres vha en liten terskel med åpning under boret overføringsrør. NVE hevder at dette ikke er formelt omsøkt, men søker opprettholder søknaden.”*

NVE sine merknader til klaga

NVE vil merke følgende:

1. Regulering Øvre Sætervatn og Nedre Sætervatn

Regulering av Øvre Sætervatn og Nedre Sætervatn er omsøkt med høvesvis 2 m og 4 m i ein kombinasjon mellom oppdemming og senking. Historisk har vatna, særleg Øvre Sætervatn, på ein svært enkel måte blitt regulert for å halde tilbake vatn til tørkeperiodar for drift i grendekraftverket, sagbruk og til drikkevassforsyning for Nottveitgrenda. Ved utløpet av Øvre Sætervatn er utløpet noko utdjupa og utgravne steinmassar er lagd i utløpsprofilen, og såleis innsnevra denne. Det er dermed oppnådd ei forseinking i avrenninga i høve til naturleg situasjon. I Nedre Sætervatn er det liknande ”reguleringsmekanisme” med innsnevra utløp ved at eitt av utløpa er tetta att med stein og stadeigne massar.

NVE har vurdert omsøkte reguleringar i vatna til å vere av eit heilt anna omfang enn dei gamle tiltaka både når det gjeld reguleringshøgde og naudsynte inngrep for å bygge dammar av stein og massar lokalt. Ved å avsperre heile utløpsprofilen med drenering av vatnet gjennom rør i dammen må det etablerast eit stabilt og sikkert flaumoverløp på toppen av dammen. NVE vil vidare peike på at det med den planlagde reguleringa og tappesystem i løpet av nokre år vil framstå ei reguleringszone i vatna. Ei slik reguleringszone er i dag ikkje synleg i vatna.

Det er i klaga foreslått å avgrense reguleringa til 1 m. Dette er eit nytt innspel, men NVE vil likevel merke at etter vår vurdering vil dette vere tilnærma den reguleringssituasjonen ein har i nosituasjonen med eksisterande inngrep i utløpsprofilane i vatna. Såleis bør det ikkje vere trong for nye tiltak i utløpet av vatna. Dette inneber heller ingen endring i forhold til INON-området.

NVE har i si vurdering for konsesjon lagt mindre vekt på eigedomsspørsmålet for Øvre og Nedre Sætervatn. Det er søkjar sitt ansvar å syte for at privatrettslege spørsmål er avklart før det vert sett i gang tiltak med grunnlag i ein vassdragskonsesjon. For NVE er det likevel viktig å ha tilstrekkeleg oversikt over eigedomstilhøva for å unngå å gje løyve til selskap/personar som ikkje har naudsynte eigedomsrettar til å gjennomføre konsesjonsgitte tiltak.

NVE opprettheld avslaget om regulering av Øvre Sætervatn og Nedre Sætervatn utover eksisterande sjølvregulering basert på inngrepa som tidlegare er gjennomført i utløpet av dei to vatna.

2. Overføring av elva frå Storebotnen

NVE har avvist overføringa av formelle grunnar, jf. omtale i KI-notat 62/2011 – Bakgrunn for vedtak.

Bruk av vatnet i elva frå Storbotnen omhandlar overføring av vatn frå eit vassdrag til eit anna og er såleis eit vesentleg element i spørsmålet om konsesjon. NVE har utarbeidd malar og retningslinjer for søknadsbrev og –omtale. Vassressurslova § 23 oppstiller mellom anna krav om at søknad etter § 8 skal ”gi nødvendige opplysninger om det planlagte tiltaket og fordelene og ulempene ved det”. NVE har praksis for at hovudelementa i eit prosjekt skal nemnast i søknadsbrevet og knytast til aktuelt lovverk.

Det er dessutan eit spørsmål om alle uttalepartane har registrert/oppfatta omtalen i søknaden om overføring og slik sett realitetsvurdert denne delen av prosjektet. NVE registrerer at det berre er fylkeskommunen og Bergen Turlag som har nemnt overføringa. Fylkeskommunen peikar på at overføringa vil redusere inngrepsfrie naturområde og viser til at dette er problematisk i høve til retningslinjene i fylkesdelplan for energi. NVE vil merke at fylkesdelplan for energi no er vidareført i ein eigen fylkesdelplan for småkraftverk. På bakgrunn av klagehandsaming er den nye fylkesdelplanen ikkje endeleg vedteken.

Ettersom NVE har avvist denne delen av søknaden finn ein ikkje grunnlag for å realitetsvurdere nærmare den nye løysinga med borehol som er skissert i klagebrevet. NVE legg til grunn at for overføring av elva frå Storebotnen må det sendast inn eigen søknad som vi vil sende på høyring før vi tek ei avgjerd i saka. Ein slik søknad vil ikkje bli handsama før etter at klagesaka er avgjort.

NVE opprettheld avslaget om manglande formelt grunnlag for handsaming av overføring av elva frå Storebotnen, men vi vil likevel knyte einskilde førebelse kommentarar til planen slik den no ligg føre.

I omtalen av overføringa har NVE vektlagt sannsynleg bortleiing av alt vatnet frå nabovassdraget i store deler av året. Nedbørfeltet for elva frå Storebotnen som blir overført er om lag 0,5 km². Basert på spesifikk avrenning på 128 l/s/km² blir middelvassføringa 64 l/s. Med den tekniske løysinga som er omtalt i søknaden må det påreknast at alt vatnet i lange periodar kan bli overført til Sætrdalen og inntaksbassenget for Nottveit kraftverk.

I klagen er det skissert ei løysing med overføring via 175 mm borehol. Eit borehol vil ha avgrensa kapasitet samanlikna med ein open kanal, men begge løysingane krev etablering av inntaksanordning i elveløpet. Vidare vil løysinga med borehol krevje utforming av bekkeløp/kanal frå utløpet av boreholet til inntaksbassenget. Etter NVE si vurdering vil borehol ikkje medføre vesentleg mindre inngrep enn ein open overføringskanal ettersom det må byggast veg til inntakspunktet i elva frå Storebotnen.

Vidare meiner NVE at energigevinsten ved overføringa ikkje står i forhold til inngrep i myr- og furuskogområdet omkring kote 330. I søknaden er det i liten grad omtalt påreknede konsekvensar ved å fjerne vatnet på den 1,5 km lange elvestrekninga frå inntakspunktet og ned til fjorden. Elva er eit eige vassystem med verdi for naturmiljøet lokalt langs vassstrengen. Eit eventuelt vilkår om slepping av minstevassføring vil gjere overføringa endå meir marginal.

3. Inntak

I klagen er planane endra også for plassering og storleik på inntaket i forhold til det omsøkte. Eit inntak med 6-7 m høg og 15 lang dam, 3 m regulering av vasstanden i inntaksmagasinet og neddemming av om lag 30 daa myrområde var omsøkt.

NVE av slo dette ut frå inngrepsomfanget i inntaksområdet og ut frå manglande dokumentasjon på at tilsiget til inntaksbassenget gjev tilfredstillande vasstandsnivå på ettersommararen. Ei aktiv regulering av inntaksbassenget kan medføre at det vert blottlagt eit reguleringszone i ei årstid ålmenta normalt ferdast i området. Neddemminga av myrområdet vil også medføre at stien til Nottveitsætra må flyttast.

Klagar forslår no å legge inntaket mellom omsøkt plassering og plasseringa som NVE gav konsesjon til, og vil såleis avgrense neddemt myrareal til ca. 1 daa utover å bruke vassarealet i elveløpet opp til eit mindre stryk om lag 170 m oppstrams inntaksplasseringa. NVE vurderer det slik at dette er ei mindre endring som ikkje treng nærare avklaring med ekstern høyring då det ikkje er nye areal som vert rørt.

Høgda på dammen vil framleis vere 5 m med lengd omkring 15 m. Vassvolumet i inntaksbassenget vert vesentleg redusert og det vil ikkje vere mogeleg med regulering av vasstanden for t.d. effektkøyring.

NVE meiner den nye løysinga kan akseptast, men føreset at areal utanom elveløpet på den flate strekninga oppstrams inntaket ikkje vert neddemt. Overløpsnivået på dammen skal ligge like over nivå med salpunkt/naturleg utløpsterskel ut av den flate elvestrekninga. Elvestrekninga opp mot stryk om lag 170 m ovanfor dammen kan i inngå i inntaksbassenget, men utan at vasstanden på elvestrekninga gjev grunnlag for aktiv regulering av vasstandsnivået. Med den foreslegne plasseringa av inntaksdammen vil det etter vår vurdering ikkje vere trong for utsprenging i inntaksbassenget for å oppnå tilstrekkeleg vassvolum for jamn drift i kraftverket. NVE legg til grunn at det i detaljplanen, saman med detaljkart over inntaksbassenget, vert lagt fram eit lengdeprofil av elva frå dammen og opp til stryket om lag 170 m ovanfor inntaksdammen.

4. Minstevassføring

NVE har pålagt slepping av minstevassføring med 70 l/s i perioden 1.april – 30.september og 30 l/s elles i året. Minstevassføringa er tilsigshengig.

Søkjjer viser til at skalerte vassføring for 5-percentil sommar og vinter med basis i VM 61.7 Sedal er lågare enn den pålagde minstevassføringa.

Pålagd minstevassføring byggjer på hydrologisk avdeling i NVE sin gjennomgang av hydrologiske opplysningar gitt av søkjar i oktober 2011. NVE har lagt til grunn verdiar frå den hydrologiske modellen Lavvannkart ettersom denne gjev verdiar basert på fleire målestasjonar i regionen, herunder VM Sedal. Det er noko skilnad på felteigenskapane i nedbørfeltet mellom Nottveit og Sedal, slik at skalerte 5-perscentil verdiar frå VM Sedal åleine gjev etter NVE si vurdering for låge verdiar.

NVE vil vidare merke at minste slukevne i kraftverket er oppgitt til 20 l/s. Med søkjar sitt forslag til minstevassføring med 5-percentil sommar på omkring 24 l/s vil denne minstevassføring renne i elva når tilsiget ligg innanfor turbinen si driftsvassføring mellom 44 – 2000 l/s. Dette tilsvarar om lag 250 dagar av året.

Samstundes er NVE klar over at Nottveitelva i tørre periodar kan ha lita vassføring. Minstevassføringane er derfor knytt til tilsiget til inntaket.

NVE finn ikkje grunnlag for å endre pålagd tilsigshengig minstevassføring på 70 l/s i perioden 1.april – 30.september og 30 l/s resten av året. Grunngevinga for å ha ei minstevassføring heile året er omtalt i vårt KI- notat 62/2011 - bakgrunn for vedtak. NVE viser elles til at minstevassføringa er fastlagd ut frå ei konkret vurdering av kva vi meiner er rett nivå på minstevassføringa med omsyn til dei interessar vi ønskjer å ta vare på.

Konklusjon

NVE kan ikkje sjå at det i klagen frå Nottveit Energi er komne fram nye og vesentlege opplysningar som tilseier ei omgjerding av konsesjon for:

- regulering av Øvre Sætervatn og Nedre Sætervatn
- pålagt minstevassføring

NVE opprettheld derfor denne delen av vedtaket av 20.12.2011.


NVE opprettheld også vedtaket om manglande formelt grunnlag for å vurdere overføringa av elva frå Storebotnen.

Når det gjeld plassering av inntaket for Nottveit kraftverk finn NVE grunnlag for å imøtekomme klagen og vil akseptere ei plassering slik dette er skildra i utfyllande klagebrev av 08.02.2012. Overløpsnivå dam skal vere på ca. kote 293, eller justerast slik at dammen ikkje medfører neddemming av myr-/skogareal langs elveløpet på den flate strekninga oppstrauts inntaksdammen. Den flate elvestrekninga oppstrauts dammen har eit omkring 1- 1,5 m høgt stryk om lag 170 m ovanfor dammen. Dammen kan påverke vasstanden opp til foten av stryket og innanfor eksisterande elveløp slik at vassarealet inngår i inntaksbassenget. Endeleg høgd på dammen og detaljkart for inntaksbassenget skal godkjennast i detaljplan for miljø og landskap.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Kopi: Nottveit Energi v/Einar Sofienlund, Ånnerudskogen 2A, 1383 Asker,
Modalen kommune, Postboks 44, 5729 Modalen